



Foto: Sigbjørn Linga



Norheimsund friskule- søknad om utviding

FSK 07.05.26



**Norheimsund friskule har søkt om å
utvida elevkapasiteten frå 65 til 86
elevar.**



Høve til å gje uttale

- Utdanningsdirektoratet (Udir) handsamar søknaden frå Norheimsund friskule, og Kvam herad er vertskommune og kan gje uttale til søknaden.
- Uttalen skal belysa moglege konsekvensar for det offentlege skuletilbodet
- Om Kvam herad vel å ikkje gje uttale vil direktoratet oppfatta det som at godkjenning av søknad ikkje vil ha negative konsekvensar for det offentlege grunnskuletilbod.



Bakgrunn og regelverk

- Søknaden blir vurdert etter privatskulelova § 2-1
- Udir skal leggja vekt på konsekvensar for offentleg grunnskule
- Uttale frå vertskommunen er ein del av det samla vurderingsgrunnlaget
- Udir legg vekt på fyljande moment:
 - Endring av skulestruktur og budsjettmessige konsekvensar
 - Skulefaglege omsyn
 - Behovet for skulen



Moglege økonomisk konsekvensar ved utviding



- Reduksjon i rammetilskot, samstundes som faste kostnader i dei kommunale skulane kan gi høgare kostnad per elev for å oppfylle lærarnorma
- I tillegg kjem kommunale kostnader til skyss, samt ITO- og SNO-timar ved Norheimsund friskule, noko som samla kan forsterke presset på kommuneøkonomien.
- I dag: trekt om lag 1,45 mill. kr i rammetilskot, ei auke på 21 elevar kan gje ein ytterlegare netto reduksjon på om lag 0,5–1 mill. kr, truleg samla 2–3 mill. kr.
- Kvam herad står i ein pressa økonomisk situasjon og har avgrensa økonomisk handlingsrom framover

Skulestruktur og elevtalsutvikling

- Elevtalsframskrivingar - viser nedgang framover.
- Redusert elevgrunnlag i dei offentlege skulane, kan svekkja skulemiljø og fagmiljø, endra organisering av undervisninga og føra til strukturelle endringar på sikt ut frå forventta nedgang i barnetalet(2030). Gjeld særleg for skular med små trinn som Ålvik og Strandebarms skule.
- Kommunen har nyleg gjort og er i gang med strukturelle endringar i skuletilbodet (nedlegging av Tørvikbygd skule, omlegging av Ålvik skule og renovering av Øystese skule).



Skulefaglege omsyn og behovet for skulen

- Fleire elevar ved Norheimsund friskule kan styrkja fagmiljøet og læringsmiljøet på skulen, gi elevar i heradet større valfridom og for somme kortare skuleveg.
- Einaste private grunnskulen i Kvam med kristent livssynsgrunnlag, eit alternativ til offentleg skule, bidreg til mangfald og attraktivitet i kommunen.
- Ei utviding av friskulen vil ikkje redusera behovet for kommunale investeringar i skulebygg.
- Auka delen private elevplassar frå 6,4 % til 8,5 %



Moment som blir løfta fram i uttalen:

- Samla og langsiktige verknader for det offentlege skuletilbodet og skulestruktur
- Reduksjon i rammetilskot og kommunen sitt økonomiske handlingsrom og plikter.
- Auka skuleskyss kostnader og driftskonsekvensar for offentleg grunnskule
- Friskulen sitt bidrag til mangfald i skuletilbodet



Spørsmål?

